

Møtereferat

| | | |
|---|---|----------------------------------|
| Møte nr. 2 i: Utval for politisk styringsstruktur | Dato: 29.11.2017 | Tid: Kl. 14.30 – 17.00 |
| Møteleiar: Marianne Sandahl Bjørøy | Stad: Nye Øygarden kommune, Skjenet 2 | |
| Medlemmer som møtte: Marianne Sandahl Bjørøy Ernst Einarsen Kristin Brennhaug Jogeir Sognnæs Jørgen Kausland Børge Haugetun Ingrid Marie Toft | Forfall: Ingen | |
| Andre: Ingen | | |
| Referent: Willy Sørensen | | |

| Saksnr | Sakstittel |
|--------|--|
| 7/17 | Velkomen ved leiar Marianne Sandahl Bjørøy Leiaren ønskte velkomen til møtet |
| 8/17 | Godkjenning av innkalling og sakliste, og godkjenning av tidlegare utsendt referat frå førre møte 07.11.2017 Feil i innkallinga til møtet om dato for første møte i januar 2018 vart retta opp i. Rett dato for møtet skal vere 11.januar 2018 (til vanleg tid). Elles vart innkalling og sakliste godkjend utan merknader |
| 9/17 | Drøfting av framlegg til styringsmodellar, og samla struktur av styre, råd og utval. Jf. sak 5/17 i utvalsmøte 07.11.17 Innkallinga til møtet inneheldt to framlegg til alternative modellar for politisk organisering |



| | |
|--------------|--|
| | <p>av Nye Øygarden kommune, ein med to og ein med tre utval i tillegg til formannskapet.</p> <p>Sekretæren gjekk gjennom hovudlinjene og tankane bak dei to framlegga. Deretter opna leiaren for drøfting, med mål å konkludere om kva løysing ein vil legge til grunn for det vidare arbeidet i utvalet.</p> <p>Drøftingane hadde m.a fokus på følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none">- Ein ville kome attende til fleire detaljar i samband med det vidare arbeidet med nytt delegasjonsreglement- Ein vil nytte omgrepet hovudutval i staden for utval- Ansvaret for beredskap var naturleg å legge til formannskapet. Ordførar leiar formannskapet, og har det øvste ansvaret for kriseleiinga og beredskapen i kommunen- På kva måte ein er bunden av Intensjonsavtalen, - prinsipp eller detaljnivå- På kva møte (semje om) auka fokus på miljø skal framgå av styringsmodellen- Tal medlemmer i f.skap/hovudutval- Arbeidsmåtar, bruk av underutval, arbeidsgrupper, og saksordførarar m.v.- Arbeidsmengde og –breidde i sakstilfanget- Plassering og fokus på kultur- Underutval og arbeidsgrupper; arbeidsform, status, offentlegheit o.l.- Rolle, rapportering og arbeidsform i høve fellesnemnda- <p>Med 6 mot 1 røyst vart utvalet samd om å legge ein modell med formannskap og to hovudutval, basert på Alternativ A som framlagt til møtet, til grunn for det vidare arbeidet. Mindretalet ønskte ei løysing basert på Alternativ B, med tre hovudutval.</p> <p>Både formannskap og dei to hovudutvala skal ha 11 medlemmer.</p> <p>I tillegg kjem dei utvala som går fram av Intensjonsavtalen, t.d kontrollutval, administrasjonsutval m.v, og lovfesta utval som eldreråd og råd for funksjonshemma. Ein vart også samde om å etablere eit ungdomsråd og ei klagenemnd, men ville kome attende til ei meir heilskapleg tilråding om dette seinare i arbeidet. Ein må ta kontakt med ungdomsråda i dei 3 kommunane for å få tilbakemelding om deira syn på samansetning og tal medleamar i utvalet.</p> <p>Sekretæren fekk i oppgåve å presentere eit oversyn over kva råd og utval som er i dei tre kommunane til neste møte.</p> |
| 10/17 | <p>Drøfting og konkretisering av vidare arbeidsplan</p> <p>Leiaren gjekk gjennom følgjande framlegg til vidare arbeidsplan:</p> |



NYE ØYGARDEN KOMMUNE

| | |
|--------------|--|
| | <p>Møte 3: 11. januar 2018 Delegasjonsreglement</p> <p>Møte 4: 30. januar 2018 Folkevalgte sine arbeidsvilkår</p> <p>Møte 5: 20. februar 2018 Generelt om møte i folkevalgte organ</p> <p>Møte 6: 20. mars 2018 Ferdigstilling og gjennomgang av et komplett saksfremlegg til Fellesnemda</p> <p>Framlegget vart godkjend utan særlege merknader.</p> <p>Sekretæren fekk i oppdrag til neste møte å lage eit arbeidsgrunnlag for drøfting av delegasjonsreglement, basert på gjeldande delegasjonsreglement i dei tre kommunane.</p> |
| 11/17 | <p>Ymse</p> <p>Det vart ikkje teken opp spesielle saker eller tema under ymse.</p> <p>30.11. 2017 Willy Sørensen Referent</p> |
| | |